

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.06.2017

I samband med RS 76/17 «Prøveprosjekt med velferdsteknologi for langtidssjuka barn og unge i vidaregåande skule» kommenterte **Silje Hjemdal (Frp)** at saka kanskje skulle ha vore behandla av fylkestinget, og ikkje av utval for opplæring og helse.

I samband med RS 82/17 «Melding om utsetting av framlegginga av sak om sjåførfasilitetar» spurde **Kari Sørensen Bernardini (A)** om noko er gjort sjølv om saka er utsett. Fylkesrådmannen svarte på spørsmålet.

I samband med RS 81/17 «Spørsmål om Kvinnherads tilknytning til ny E39» sette **Benthe Bondhus (Sp)** på vegner av Sp fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Ber om at denne meldingssaka vert sett på sakskartet:
RS 81/17 Spørsmål om Kvinnherads tilknytning til ny E39.»

Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

I samband med RS 92/17 «Rapport - revidert skisseprosjekt av Sentralbadet som Scenekunsthus» stilte **Anne Beth Njærheim (V)** spørsmål knytt til eigarskap og fordeling av kostnader. Fylkesordføraren og fylkesrådmannen svarte på spørsmålet.